



Statens vegvesen

KFL

12/8990

11/141-20

2. 08 2012

L12

45/9,45/40,45/50
m.fl.

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2011/023059-005

Dykkar referanse:
11/141-15

Vår dato:
20.08.2012

Reguleringsplan - gnr. 45 bnr. 9 og 40 m.fl. - Manger/Langhøyane - Radøy kommune - høyring og offentleg ettersyn

Vi viser til brev i frå Radøy kommune av 09.07.12, med ovannemnde plan lagt ut til offentleg ettersyn. Vi viser også til vår uttale til planen av 16.02.11

Ved vurdering av planen tek vi utgangspunkt i vår uttale av 06.02.11. Vi ser at rekkjefølgjekravet som gjeld opparbeiding av busslomme, gangveg/fortau, samt oppgradering av avkøyrslar og kryss er teken med i planen under § 2.3 i føresegnene.

Vidare er det lagt inn ei byggjegrænse på 15 meter slik vi også har krevd.

Når det gjeld FV 410 har vi krevd at denne skal ha same standard som ved reguleringsplanen for Selfallet bustadfelt, med 6 meter breidde og 3 meter breidt fortau /gangveg. Vi ser det som vanskeleg å lese ut i frå plankartet om vegen og fortau har denne breidda. Her må det påførast talverdiar på plankartet. Dette gjeld også for siktsonene i krysset, samt svingradius og busslommer.

Vi har tidlegare gjort det klart at dei avkøyrslene som i dag er etablert i området skal ved reguleringsarbeidet sanerast og at dei to hovudtilkomstane til Fv 410 skal nyttast. Så langt vi kan vurdere er det framleis to avkøyrslar på planforslaget på nordsida av Fv 410. Vi vurderer det til å vere uheldig når ein no ved eit nytt reguleringsarbeid legg opp til bruk av avkøyrslar i staden for felles kryss på ein veg med allereie mange avkøyrslar. Vi vurderer med bakgrunn i trafikktryggleik og effektiv ferdsle, desse avkøyrslene til å vere kjelder for trafikkulukker med ein auka trafikk på FV 410. Det er difor eit absolutt krav i frå vår side at desse eigedomane får tilkomst til Fv 410 via nytt kryss i området. Med bakgrunn i vårt sektoransvar for trafikktryggleik er dette brevet å forstå som ei motsegn til planen dersom ein ser bort i frå vårt krav om å sentrere trafikk ut og inn av bustadområde via nytt kryss.

Dersom det er spørsmål til ovannemnde ber vi Dykk ta kontakt med oss

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Sigmund Bødal

Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune